

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)
Fjellvegen 9
6800 FØRDE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

23/16984 -

22.03.2024

Statsbudsjettet 2024 – Norec - supplerande tildelingsbrev nr.1

Vi viser til tildelingsbrev til Norec for 2024. Dette brevet inneheld endringar i tildelingane til Norec i tråd med Finansdepartementets godkjenning av 28. februar 2024 om å overføre ubrukte løyvingar frå statsbudsjettet for 2023 og eitt nytt oppdrag.

Regjeringa har vedtatt at evalueringsfunksjonen for norsk bistand skal flytte frå Norad til Norec. Utenriksdepartementet vil komme attende til Norec med oppdrag om gjennomføring av vedtaket.

1. Tildeling av midlar

Det blir gjort følgjande endringar i tildelinga til Norec for 2024:

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	787
	70	Uttekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	339
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	267
Sum			1 393

2. Særskilde oppdrag 2024

Oppdrag 3/2024: Vurdering av ordning for registrering for tilsette sine verv og økonomiske interesser.

Bakgrunn for oppdraget: For å førebyggje interessekonfliktar, kan ei verksemd fastsetje at tilsette i bestemte stillingar skal registrere sine verv og økonomiske interesser om det er nødvendig ut frå verksemdas ansvars- og arbeidsområde og dei tilsette si stilling eller funksjon, jf. [statstilsettelova § 39 a](#).

Kommunal- og distriksdepartementet (KDD) har utarbeidd retningslinjer her [PM-2022-15](#).

Beskriving av oppdraget: Norec skal vurdere behov for å opprette ei eiga ordning for registrering av tilsette sine verv og økonomiske interesser, jf. statstilsettelova § 39 a. Vurderinga skal inkludere kva for nokre stillingar ordninga eventuelt skal gjelde for, kva for nokre opplysingar plikta til å registrere skal gjelde, og korleis registreringa skal skje.

Frist og rapportering: Fyrste tertialrapport.

3. Rapportering

Tildelingane skal nyttast i samsvar med gjeldande retningslinjer for økonomiforvaltning, og det skal rapporterast på tildelte midlar og oppdrag i tråd med krava til rapportering som er omtalt i det ordinære tildelingsbrevet for 2024.

4. Oppdatert oversikt over tildelte midlar

Under følgjer ei oppdatert oversikt over tildelte midlar i 2024 for Norec.

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	60 221
	70	Utvekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	133 816
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	50 267
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i>	8 000
Sum			252 304

Med venleg helsing

Vegar Sundsbø Brynildsen
assisterande utanriksråd

Knut Espeland
underdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og treng difor ikkje fysisk signatur.

Kopi: Riksrevisjonen